



Notat

Dato: 12.08.2014
Arkivsak: 2014/13286-14
Saksbehandlar: petbor5

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Melding om sommarskulen 2014 og Leksehjelpen 2013-14

Sommarskulen

I år vart sommarskulen arrangert for åttande gong. 128 elevar og lærlingar var påmelde til tre tilbod.

Fakta:

- Påmelde: Bergen 88, Askøy 19, Knarvik 21 – totalt 128.
- 10 lærarar var engasjerte til undervisning – 6 til yrkesretta matematikk, 2 til norsk for minoritetsspråklege og 2 til studieretta matematikk. Ein lærar til studieretta matematikk i Knarvik måtte melde fråfall rett før sommarskulen tok til på grunn av sjukdom. Vi måtte difor flytte elevane frå Knarvik til Bergen.
- Matematikk for yrkesretta Vg1 hadde totalt 55 deltakarar som fullførte, 37 elevar og 18 lærlingar. Av desse 55 var det 48 som hadde rett til eksamen, men berre 43 møtte.
- Av dei 43 var det 30 elevar og lærlingar som fekk bestått. Dette utgjør 70% mot 50% i fjor.
- 15 av dei 18 lærlingane fekk bestått. Lærlingane kom frå 10 ulike fag.
- Matematikk for elevar i studiespesialiserande hadde 24 elevar som fullførte.
- Norsk for minoritetsspråklege hadde i år 20 deltakarar – meir enn i fjor. Fleirtalet av elevane kom frå innføringsklassar og startar i Vg1 denne hausten.
- 6 av dei påmelde var elevar ved Åsane avd. Ulvsnesøy og avd. Fossane. 4 av dei fullførte.
- Røde Kors stod som vanleg for servering av frukost og lunsj, og dei stilte dessutan med mange friviljuge assistentar.
- Etter terningkast frå elevane vart snittet 5.5.
- Tilbakemeldingar frå nokre av elevane:
 1. «Sommerskolen burde vare i 4 uker»
 2. «Det har vært en fantastisk opplevelse»
 3. «Veldig fornøyd med undervisningen»
 4. «Mattelærerne er superflinke»
 5. «Eg er fornøyd med alt, spesielt maten»
 6. «Mer tavleundervisning»

Vurdering av sommarskulen 2014:

Frå 2007 har 594 elevar og lærlingar deltatt ved våre sommarskuletilbod. Dei som ikkje har hatt høve til å ta eksamen ved sommarskulen, har fått styrka kompetansen i det faget dei slit med, slik at dei har vorte betre rusta for vidare opplæring eller til privatisteksamen om det må til.

Fylkesrådmannen er nøgd med deltaking og resultat av sommarskulen. 99 elevar fullførte. 30 elevar og lærlingar (70%) fekk bestått og kan anten ta fatt på Vg2 utan å tenkje på matematikken, eller få fullført sitt fagbrev.

	2007*	2008	2009	2010	2011	2012*	2013	2014	Totalt
Deltakarar	20	25	48	80	95	94	133	99	594
Til eksamen	5	10	22	28	37	39	66	43	250
Bestått	5 100%	8 80%	18 80%	25 90%	28 75%	23 60%	33 50%	30 70%	170 68%

2007* Sommarskulen starta i Bergen i 2007. I 2009 kom Askøy med, og frå 2012 vart tilbodet utvida også til Knarvik

2012* Ny eksamensordning vart innført i 2012 der ein del må gjennomførast utan hjelpemidlar

Framleis er det mange av dei påmelde som ikkje møter eller som sluttar utan å fullføre. Grunnane er mange. Nokre får sommarjobb, nokre «må» reise med familien på ferie, nokre har vanskar med å kome når alle venene har fri og kan sove lenge. Nokre kan vere påmelde av føresette eller av lærar utan sjølve å ha motivasjon til å nytta ferien til skule. Dei som fullførte, er derimot særns nøgde.

Avvikling av eksamen i ferien byr på utfordringar. Eksamenskontoret gjorde ein viktig jobb i forkant med planlegging, bestilling av eksamen, sensorar og med gjennomføring av eksamen i juli.

Leksehjelpen

I skuleåret 2013 – 14 hadde vi 10 leksehjelpstiltak i Hordaland, leia av Røde Kors, 4 i Bergen sentrum, 1 i Åsane, Fana, Askøy, Øystese, Bømlø og Voss. Leksehjelpen starta og i 2007 for vidaregåande skule.

Evalueringar gjort på Askøy og i Bergen viser at elevar i vidaregåande skule har stor nytte av leksehjelp. I Bergen, på Voss og i Fana har det vore godt og stabilt oppmøte. I Åsane og på Bømlø er ein framleis i ein oppstartsfase med stabil auke i elevoppmøte. På Askøy og i Øystese kunne oppmøtet vore betre.

Det er ei utfordring å kartleggje kor mange enkeltelevar som kvart år nyttar leksehjelpen, men Røde Kors reknar med at vi i 2013-14 har gitt leksehjelp til ca 700 enkeltelevar frå vidaregåande skular. Kvar veke er ca 150 elevar innom leksehjelpen. Det vil seie at leksehjelpen har rundt 6000 besøk i løpet av eitt år, om ein tar utgangspunkt i at ein arrangerer leksehjelp i 40 veker. 88 frivilljuge i heile Hordaland er med å leggje til rette for leksehjelpen.